Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

Saksmappe: 2021/221
Sakshandsamar: MJB
Dato: 31.08.2026

# SAKSFRAMLEGG

| Utv.saksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| | Bygland ungdomsråd | 04.09.2026 |
| 29/26 | Levekårsutvalet | 09.09.2026 |
| | Kommunestyret | 23.09.2026 |

## Innspel til høyring- Skule- og tilbodsstruktur for vidaregåande skular i Agder 2027/2028-2030/2031

## *Kommunedirektøren si innstilling:*

- Kommunestyret syner til saksutgreiinga og gjev denne som kommunen si høyringsuttale til høyring *Skule- og tilbodsstruktur for videregåande skular i Agder 2027/2028 – 2030/2031*.
- Kommunedirektøren sender innspela frå Bygland kommune til Agder fylkeskommune innan fristen 1.oktober 2026.

### *SAKSUTGREIING*

### *Samandrag*

Vidaregåande opplæring er eit viktig verkemiddel for å sikre framtidig kompetanse og rekruttering i Setesdal.

Kommunen har utfordringar med å rekruttere helsepersonell, fagarbeidarar innan bygg og anlegg, tekniske fag og elektrofag. Samstundes viser prognosar at talet på ungdom i Indre Agder vil auke dei næraste åra.
Det er derfor viktig at tilbodsstrukturen i større grad tek omsyn til regionale kompetansebehov, geografiske forhold og målet om at fleire skal fullføre vidaregåande opplæring.

### *Bakgrunn for saka*

Agder fylkeskommune har sendt forslag til ny fireårig tilbodsstruktur for vidaregåande opplæring på høyring.

Høyringa omfattar dimensjonering av utdanningstilbod, geografisk plassering av tilbod, modulstrukturert opplæring for vaksne og korleis tilbodsstrukturen kan bidra til at fleire fullfører vidaregåande opplæring.
Saka er viktig fordi vidaregåande opplæring påverkar tilgangen på kompetanse både i kommunale tenester og i lokalt næringsliv. Det er utfordringar med rekruttering innan fleire fagområde, mellom anna helse og omsorg, oppvekst, bygg- og anleggsfag, elektro, tekniske fag, industri, landbruk og reiseliv.

Tilbodsstrukturen må derfor ta omsyn til kompetansebehova i Setesdal og bidra til rekruttering, busetting og berekraftig samfunnsutvikling i regionen.

***Formelt grunnlag***

- Opplæringslova § 5-1 Rett til vidaregåande opplæring
- Opplæringslova § 5- 3 Planlegginga og utbygginga av det vidaregåande opplæringstilbodet
- Opplæringslova § 18-1 Formålet med opplæringa for vaksne

***Vurderingar og konsekvensar***

**1. Dimensjonering og kompetansebehov**
Dimensjoneringa må ta utgangspunkt i arbeidslivet sitt behov for kompetanse, ikkje berre historiske søkjartal. Det er særleg behov for kompetanse innan helse- og omsorgsfag, oppvekstfag, bygg- og anleggsfag, teknologi- og industrifag samt elektro- og energifag. Som kraftregion har Setesdal eit særleg behov for kompetanse innan elektro, energi og tekniske fag.

**2. Utdanningstilbod som bør styrkast.**
Tilbodsstrukturen må støtte opp under kompetansebehova i kommunen og regionen.

- **Helse- og oppvekstfag** bør styrkjast gjennom stabile utdanningsløp innan helsearbeidarfaget og barne- og ungdomsarbeidarfaget.
- **Bygg- og anleggsteknikk** bør prioriterast sterkare. Det er viktig å leggje til rette for samanhengande utdanningsløp innan tømrarfaget og andre byggfag ved Setesdal vidaregåande skule.
- **Elektro og datateknologi** bør utviklast vidare med særleg vekt på elektrikarfaget, energioperatørfaget og automasjon. Som del av ein kraftregion med store energiressursar har Setesdal behov for kompetanse innan kraftproduksjon, kraftnett, styringssystem og teknisk drift.
- **Teknologi- og industrifag** bør styrkjast gjennom tilbod innan industriteknologi, transport og logistikk samt andre tekniske fag. Dette vil bidra til å møte behovet for fagarbeidarar i entreprenørverksemd, transportnæringa, kraftsektoren og tekniske tenester.

Det er i tillegg viktig at elevane så langt som mogleg kan gjennomføre samanhengande utdanningsløp i regionen Setesdal. Tilbod som byggjer opp under lokale læreplassar og regionalt arbeidsliv er viktige både for fullføring og framtidig rekruttering.

## 3. Geografisk fordeling av utdanningstilboda i Agder

Geografiske omsyn må få større vekt i tilbodsstrukturen for vidaregåande opplæring.
For ungdom frå Bygland er lange reiseavstandar ein del av kvardagen. Mange må flytte på hybel/bu borte frå heimen for å ta den utdanninga dei ønskjer. Når utdanningstilbod blir flytta eller lagde ned, får dette større konsekvensar for elevar i Setesdal enn i meir sentrale delar av fylket, der det finst fleire alternative tilbod innan kort avstand. Tilbodsstrukturen må derfor vurderast ut frå korleis den påverkar moglegheita til å fullføre opplæringa, ikkje berre ut frå økonomi og søkjartal

Setesdal vidaregåande skule må vidareutviklast som ein viktig regional ressurs for heile Setesdal. Geografi, reiseavstand og behovet for bortebuing må reknast som særlege forhold når utdanningstilboda blir dimensjonerte. Utdanningstilbod med avgrensa elevtal bør vurderast over fleire år og i lys av det samla kompetansebehovet i regionen, ikkje berre ut frå søkjartala eitt enkelt år.

## 4. **Modulstrukturert opplæring for vaksne**

Modulstrukturert opplæring er eit viktig verkemiddel for å sikre livslang læring, møte kompetansebehova i arbeidslivet og gi fleire vaksne moglegheit til å oppnå formell kompetanse. Lange reiseavstandar kan vere ei hindring for deltaking og fullføring. Opplæringa må derfor vere fleksibel og tilgjengeleg i Setesdal, slik at ho kan kombinerast med arbeid og familieliv. Auka tilgang til fagutdanning for vaksne vil styrkje rekrutteringa til lokale arbeidsplassar, bidra til at fleire kjem i arbeid og redusere risikoen for utanforskap..

## 5. Målet om at fleire fullfører

Dersom fleire skal fullføre vidaregåande opplæring, må elevane ha tilgang til relevante og samanhengande utdanningsløp nærast mogleg heimstaden.
Tilbodsstrukturen må derfor vurderast ut frå fullføring, kompetansebehov og regional utvikling, og ikkje berre ut frå økonomi og elevtal.

## Barnet sitt beste

For ungdom i Bygland er nærleik til skule, familie og nettverk viktig for trivsel, meistring og gjennomføring av vidaregåande opplæring. Lange reiseavstandar og tidleg bortebuing kan auke risikoen for fråfall og utanforskap.

## Økonomiske konsekvensar

Innspel til høyringa om skule- og tilbodsstrukturen i Agder har ikkje direkte økonomiske konsekvensar for Bygland kommune.

Fråfall og avbrot i vidaregåande opplæring kan likevel få store samfunnsøkonomiske konsekvensar. Ein skule- og tilbodsstruktur som legg til rette for forsvarleg reiseveg,

moglegheit til å bu heime eller på internat, og høve til å fullføre utdanningsløpet ved same skule, kan bidra til auka gjennomføring i vidaregåande opplæring. Dette vil vere positivt både for den enkelte, arbeidslivet og samfunnet.

***Saksvedlegg***

- Høringsnotat
- Dimensjonering av tilbod
- Tilbod i skole for vaksne
- Elevtallsprognoser
- Modulstruktuerte tilbod for voksne

Vedlegg:

1 Høring- Skole- og tilbudsstruktur for videregående skoler i Agder 2027-2028-2030-2031.pdf
2 Høringsnotat- Skole- og tilbudsstruktur for videregående skoler i Agder 2027-2028-2030-2031.pdf
3 Dimensjonering ungdom_VGS Agder.pdf
4 Tilbud i skole for voksne.pdf
5 Oversikt over modulstrukturerte tilbud for voksne i Agder.pdf

*Bygland,* ***26.08.2026***

Kommunedirektør